

Kommunal oppvarming

GJESTEKOMMENTAR: Samling av innsats og samordning av politikk er minstekrav til klimaarbeidet i kommunen.

Klaus Mohn

Professor, Handelshøgskolen ved UiS og NHH



Her i kommunen, i Stavanger, er det lite som tyder på at klimautfordringa er ei av dei største verda står overfor. Rett nok er framskritta heller ikkje så mykje å skryte av der ute i den store verda heller, men det bør likevel ikkje bli ei sovepute for oss. For ambisjonane er beintøffe, fallhøgda er stor og tida er knapp. Så korfor skal akkurat me bry oss, når ingen andre gjer det og ingenting lèt til å nytte? Ein kan bli matt av mindre, og mange er nok allereie meir eller mindre leie av å høyre på maset om alt ein ikkje lenger skal kunne unne seg.

Svaret er likevel enkelt. Me skal bry oss fordi det er rett. Elles blir me som han som ikkje plukkar opp bæsjen etter bikja si.

Måtehald og miljøansvar i omgangen med naturressursar er ein del av det norske varemerket, med gevinstar i form av omdømme og truverd, samt ei betre verd for dei rundt oss og dei som kjem etter oss.

Og heldigvis har me politikarar som tenker nettopp slik. Eit stort fleirtal på Stortinget sluttar opp om Paris-avtalen, klimameldinga legg opp til samarbeid med Europa i gjennomføringa av klimapolitikken og mål er etablert om å redusere CO₂-utslepp som ikkje er omfatta av kvotesystemet med 40 prosent frå 2005 til 2030.

Noreg er summen av kommunar og fylke, og det same gjeld CO₂-utsleppa frå norsk jord. Difor blir det viktig at ambisjonar og mål på nasjonalt nivå blir fulgt opp i planar og budsjett i fylke og kommunar. Her har det så langt vore mindre aktivitet.

Hovudstaden viser veg

Oslo kommune er eit unnatak. For to år

sidan gikk Miljøpartiet De Grønne (MDG) i bresjen for eit kommunalt klimabudsjett knytt til økonomiplanen, som blei vedteke med eit knappast muleg fleirtal i bystyret, under hard kritikk frå regjeringa og til uendeleg stor irritasjon i kommentarfelta rundt forbi.

Men stemninga endra seg. I fjor blei klimabudsjettet 2018 vedteke med overveldande fleirtal (berre Frp stemte mot) og regjeringa vurderer no om klimabudsjettet i Oslo kan danne mal for rapportering på klimakonsekvensar av nasjonalbudsjettet.

Måla i Oslo kommune er å redusere utsleppa av CO₂ med 90 prosent innan 2030. Dette kan sjå uhorveleg ambisiøst ut, men med slike mål set politikarane ein standard og ei retning som understrekar alvorret i situasjonen.

Klimaplan i Stavanger

Etter etablering av tilsvarande hårete mål i Bergen sin klima- og energihandlingsplan, kjem Stavanger kommune omsider etter. Her arbeider politikarane våre for tida med klima- og miljøplan 2018–2030, samstundes som «byutvikling med økt klimainnsats» er eit område for hovudinnsats i opptakten til ny kommuneplan.

Med eit mål om 50 prosent reduksjon i utslepp av klimagassar frå 2015 til 2030 er ambisjonsnivået hakket lågare enn for Bergen og Oslo. Det er likevel bra at klimaproblemstillinga i større grad får prege den politiske agendaen, at måla er høge og spesifikke og at samanhengar med andre delar av kommunen sin planarbeid blir kartlagt og drøfta.

For arbeidet med klimagassutslepp på kommunalt nivå er det viktig å være ryddig og presis i avgrensinga av målområdet og i talfestinga av ambisjonar. Kommunen har god kontroll med eigen verksemnd og ein viss kontroll med hushald og føretak innafør kommunegrensene, men avgrensa kontroll utanfor kommunegrensene.

Kommunale tiltak for å redusere utslepp av klimagassar kan likevel ha verknad på alle desse områda. Kva ein siktar mot, korleis ein skal rapportere og kva som kan definerast som suksess, blir dermed viktig å diskutere i planarbeidet for kommunal klimapolitikk.

Planarbeidet bør gje rom for refleksjon over kostnadar ved ulike typar klimatil- tak. Ei sak er at det medvit om kostnadar signaliserer varsemd i omgangen med fellesskapens skattepengar. Men like viktig er det kanskje med mekanismar som sikrar at ein brukar ressursane der det monnar mest.

Ikkje at dette er så altfor komplisert. Om ein ser bort frå utslepp med kvotep- likt, er det nemleg ingen utslepp inn- anfor kommunegrensene som kan måle seg med dei frå vegtrafikken. Dermed er det heller ingenting som blir viktigare for klimapolitikken i kommunen enn å få ned personbiltrafikken med fossilba- serte køyretøy. Det meste anna blir ut- flukter.

Ingen suksess utan samordning

Men pass på! For folk og føretak vil til- passe seg endringar i kostnadar og ram- mevilkår. Om det blir vondt og vanskeleg å køyre bil i Stavanger, så køyrer folk ein annan stad. Om det er gratis å parkere på Forus, så parkerer folk på Forus og ikkje i by'n. Trafikken blir dermed ikkje min- dre, men kanskje større enn han kunne vore med like kostnadar ved bilbruk over alt.

Verknadar på tvers av kommunegren- sene understrekar behovet for koordine- ring. Klimapolitiske mål for Stavanger blir uinteressante om politikken medfø- rer høgare utslepp i nabokommunane. Klimapolitikken må samordnast og ha innverknad på overordna val av regional- politisk retning. Ein kommunedelplan- for klima og miljø er for tynt, og kan lett bli redusert til avlat som må vike når dei store avgjerdene skal fattast.

Om politikarane våre meiner alvor, burde dei difor engasjere seg tungt for at klimapolitikken kan gjennomsyre plan- programmet for ny kommuneplan, fyl- keskommunen sitt arbeid med regional- plan for Jæren 2050 og i Greater Stavan- ger sitt arbeid med strategisk nærings- plan for Stavanger-regionen.

Det er her me får den endelege testen av klimaengasjementet på kommunalt nivå.

Twitter: @Mohnitor



Kommunal klimapolitikk er ikkje så altfor komplisert. Ingenting er viktigare enn å få ned personbiltrafikken med fossilbaserte køyretøy.

JARLE AASLAND

Hipsteren

DRØSET: Skal vi ikke være dus, og være venner?

Han likte best sånne hipsteraktige kafear. Det hadde vore slik heilt sidan han begynte å oppdaga dei litt hemmelege kodane.

I starten var det bare skremman- de. Han stod utanfor, såg inn på dei inneforståtte. Sidan blei det betre. Han blei aldri ekte hipster, men føl- te seg likevel at han meistra spelet. At han *nesten* var ein av dei kule, der han sat på ubehagelege stolar og drakk dyr kaffi.

Når han var i utlandet likte han å oppsøka område der studentane og dei unge, kule dominerte. Han var jo nesten ein av dei, hadde stu- dert på universitet, hadde ein krea- tiv jobb, hadde vore ein del rundt, skjønne ko- dane, meinte han, var nes- ten ein av dei. Han hadde lese på nettet at Potzdamer Strasse var in, etter å ha vore ut i mange tiår. Då han vandra bortetter den breie gata, såg han det sjølv, korleis om- rådet var i ferd med å endrast, gen- trifiserast: Blandinga av tyrkiske gatekjøkken, kunstgalleri, nedslit- ne lokale, trendy butikkar og hippe barar.

På eit hjørne låg ein kafé som bar alle kjenneteikna på bra hipster- stad. Litt sånn samanraska, men bevisst, møblement. Unge menn med skjegg og militærgrøne jakkar. Utilnærmelege, verdsvante jen- ter med mac-en flippa opp fram- for seg.

Han gjekk inn, tok sikte på køen ved bardisken. Ein lapp fortalde at dei søkte etter folk. Kvalifikasjo- nar? Vedkomande måtte vera «in- telligent og hyggeleg». Dette kunne han lika.

Køen rørte seg litt utan at han fekk det med seg. Fyren bak han, ein sann hipster, var plutselig framfor han, men flytta og orsa- ka seg smilande og høfleg på tysk. «Entschuldigen Sie», sa han.

Sie!? Kvifor sa han «Sie»? «De»? Var dei verkeleg dis? Såg ikkje hipsteren at han var ein av dei, at dei måtte vera dus?

Det blei hans tur. Ho bak baren – intelligent og hyggeleg – vende seg mot han: «Und Sie?»

Nådelaut gjekk det opp for han: Hipsterane såg ikkje den han ein gong var, men den han hadde blitt: Ein middelaldrande mann. Sann- synlegvis i feil klær.

Såg ikkje hipsteren at han var ein av dei?

Men pass på! [...] Om det blir vondt og vanskeleg å køyre bil i Stavanger, så køyrer folk ein annan stad.

